

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG MIDT-NORGE</b>	
<b>Møtested:</b>	Radisson Blu Hotel Trondheim Airport
<b>Dato/tid:</b>	14. mars 2018 kl 10.30 – kl 16.00
	<b>Protokoll: 01/18</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalg Midt-Norge:</b>	Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Johan Kristian Daling, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth og Sverre Tyldum.
<b>Regionutvalg Midt-Norge:</b>	Kari Anne Sklett, Sigmund Johansen, Ivar Anton Svendsen, Geir Joar Werstad, Kari-Anne Grandaunet Jensen, Tone Sklett, Sverre Tyldum, Tormod A. Bergum, Petter A. Devik, Konrad Moum, Geir Brede, Jan Petter Jermstad, Signe L. Nordmeland, Tore Rennan, Ole Tessem, Grete Mari Sand, Ole Edvard Silderen, Marit Emelie Haugan, Grete Mari Sand, Anders Røflo, Ivar Wang, Mette Karlgård, Tore Moksnes, Jens Olav Helland, Ragnar Valstad, Håkon Fiskvik, Ingun Sivertsen, Åge Grenne, Geir Håvard Valstad, Fridtjov Skjerve, Odd Erik Rødde, Toril Ofstad Selboe, Halvor Braa, Torleif Slåen, Even Landrø, Per Hindseth, Bård Tore Berntsen, Erik Kalstad, Lars Oddbjørn Størset, Egil Berdal, Torbjørn Flenstad, Inge Hårstad, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Morten Stefan Berg, Jørgen Rønning, Ole Wegard Iversen, Kari Årvåg Goa, Stein Heggset, John E. Fiske, John Helde, Torill Farstad Vågen, Finn Roger Trodal, Randi Varhol, Jorunn Karin Kvernen og Jan Edvin Hoem.
<b>Valgkomité Midt-Norge:</b>	Halvor Braa, Stein Aasmund Ørstad, Kåre Aakre og Jan Arne Skarsvaag.
<b>Andre:</b>	Per Magnus Borten Moe (årsmøteutsending)
<b>Forfall:</b>	Jens Hartman, Sigbjørg Ulriksen (vara Ivar Anton Svendsen møtte), Marit Hoff (vara Petter A. Devik møtte), Line Torill Fjellheim (vara Ole Tessem møtte), Jostein Omlie (vara Grete Mari Sand møtte), Jørgen Baumfelder, Audun Morken, Jonas Rekkebo (vara Jens Olav Helland møtte), Geir Arve Krogstad, Sissel Enodd, Eilif Peder Folstad, Inger-Lise Kvikne, Frode Lund, Trine Reinfjell Engdal (vara Yngve Røøyen møtte), Tomas Øverås, Lars Konrad Bolli (vara Randi Varhol møtte), Astrid Helen Gunnesmo (årsmøteutsending), Jorunn Gunnerød (RU valgkomité), Arne Magnus Aasen (sentral valgkomité) og Terje Rømmen (kontrollkomitéen).
<b>Konsernstyret:</b>	Bente Roer
<b>Administrasjonen:</b>	Lisbeth Svendsen, Roy Albertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Silje Laugsand Pynten, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Brit Våga, Pia Mathilde Kôteles og Brit Kari Eidseflot Hauger
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger

Sak nr	Sak
1	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Lars Morten Rosmo ynskete velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>Håkon Fiskvik og Ann Steen Dolmseth vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</b></p>

<p><b>2</b></p>	<p><b>Årsmelding og rekneskap for Nortura SA</b></p> <p>Bente Roer orienterte om resultat 3. tertial og året samla, utvikling EBITDA pr tertial, utvikling EBITDA i døtre, konsernbalansen, tilleggsytningar ut over nettonoteringspris, forslag til disponering av årsresultat, hovudforklaringar på resultatvikten i 2017. Situasjonen er alvorleg, og forbetningsprogram er iverksett. 700 mill i forbetningar skal løfte EBITDA-nivå opp på eit 2016-nivå innan 2021. Kostnadsnedtrekket treff også bonden. Kva må styret ha fokus på framover. Det finnast heldigvis lysglimt. Positiv utvikling for «grunnfjellet» vårt.</p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jan Petter Jermstad, Finn Roger Trodal, Konrad Moum, Sigmund Johansen og Kari-Anne Grandaunet Jensen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva skuldast den negative utviklinga frå 2. tertial? Kva vert gjort av tiltak?</li> <li>• Er det rett at han som var involvert i avtalen om Hærland fortsatt er ansatt i Nortura? Og fortsatt har ansvar/involvert i avtaleinngåing i Nortura?</li> <li>• Har vi folk i butikkane fortsatt? På Snåsa berre ein butikk, med kjøledisk eigd av Nortura, med varer frå andre i. Kan ikkje vere kretsleiar sitt ansvar å fylgje med kjøledisken, kan ikkje vere så tilfeldig. Viktig at varene finnast i butikkane for å få sal.</li> <li>• Vi har på nytt valgt Cowi som konsulentselskap. Det må få konsekvensar alt som vert gjort feil.</li> <li>• Vi er for snill, er ikkje tøff nok. Skal ikkje vere nødvendig for styret å få ei stadfesting frå kretsane om at avtalen vedk grossistdistribusjon må reforhandlast, dette skulle styret gjere utan.</li> </ul> <p>Bente og Lisbeth Svendsen kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b>  <b>Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering. RU-møtet sluttar seg til uttalen vedk grossistdistribusjonen som vart vedtatt i kretsmøta.</b></p>
<p><b>3</b></p>	<p><b>Nortura Tiltaksprogram 2018 - 2020</b></p> <p>Lisbeth orienterte om resultat 2017, hovudpunkt i konsernstrategien 2018 – 2019, forbetningsprogram 2018 – 2020, prioriterte tiltak, og vi jobbar på mange område. Verdikjedeoptimalisering handlar om å maksimere verdien av Nortura sin råvarestrøm. Berekraftig distribusjon, svinn i verdikjeda – tiltak og oppfølging kvar dag. Vi analyserer og gjer tiltak heilt ned i minste detalj. Vidare om personalkostnader, at vi ryddar og forenkler sortimentet, og klassifisering av sortiment. Stram linje på kostnader. Kva skal til for å lukkast? Vi må tru på at det vi leverer er bra! Vi har positiv utvikling på effektivitet. Industristruktur 2017.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Kolbjørn Frøseth, Finn Roger Trodal, John Helde, Anders Røflo og Mette Karlgård.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi må alle vere med på ein hestekur no. Distribusjonsavtalane: Kan vi stole på at det vert skrive avtalar, med innsyn i kjedene sine strategiar, slik at dei tek varene før dei går ut på dato? Forventar at strategien rundt avtaleskriving vert betre. Vi må setje krav. Mange møter med Coop er uthalingstaktikk. Kan eg stole på at eit moment i avtalane er at dei ikkje skal velje EMV framfor våre produkt?</li> <li>• Kvifor kjøper vi alle purkene frå Midt-Norge slakteri?</li> <li>• Vart ikkje så stolt over å sjå filmen. Vi som eigarar set no trøkk på at det skal effektiviserast, men 300 av våre tilsette må no misste jobben.</li> <li>• Alle pratar om redusert matsvinn. Kven tek svinnet, er det Asko eller Nortura? Går det til dyrefôr eller destruksjon?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Strategi for reklame? Frustrerende å sjå reklame for utanlandsk ost og Milka i Holmenkollen. Kan vi samarbeide med TINE og FK her? Må få folk til å foretrekke og spør etter produkta våre. Må ikkje gløyme at ungdomen ikkje ser på TV, vi må også vere på andre arenaer.</li> <li>• Verre å ta tak i det som vi ikkje har kontroll på, som grossistane. Kva slags forsikringar har vi ordna oss med når datakonsulentane i NOVA-prosjektet ikkje held ord? Kven skal ta tapet?</li> <li>• Inntransport: Dei fleste har eit godt forhold til transportør, og er gode representantar for oss. Fått tlf frå medlemscenteret om misnøye i min krets med annan transportør enn vi er van med. Må vere ganske så likegyldig kven som hentar dyra, berre dei kjem til avtalt tid. Kan ikkje både krevje resultat av Nortura, og surmule over kven som hentar dyra våre.</li> <li>• God presentasjon av Bente og Lisbeth. Flott film! Pølser, ferdigmat og pålegg: Kjenner alle produkta våre? Vert pris på produkt vurdert i forhold til volum sal?</li> <li>• Grillpølse var tidlegare ei kampanjevare, men vi gjorde avtale med kjedene om å redusere bruken av grillpølse som kampanjevare, for å få opp prisen.</li> </ul> <p>Bente og Lisbeth kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>4</b></p>	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b></p> <p>Roy Albertsen orienterte om tilførselar pr veke 9, marknadsandelar pr februar, status team storfe, prisløype storfe, og om forbruket av storfe er på veg ned? Vidare om klassifiseringsstatistikk ung okse, kva skjer på småfe i Midt-Norge, sal og reguleringslager. På gris er fokus dyrevelferd. Info om Nortura Heimdal, Nortura Malvik og Nortura Steinkjer.</p> <p>Silje Laugsand Pynten orienterte om utvikling i transportkostnader, tiltak for å redusere transportkostnader, konsekvensar for produsent, samt utfordringar.</p> <p>Spørsmål/kommentarar vart tatt under open post.</p>
<p><b>5</b></p>	<p><b>Open post/lokale saker</b></p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Halvor Braa, Erik Kalstad, Tone Sklett, Håkon Fiskvik, Tore Rennan, Finn Roger Trodal og Bård Tore Berntsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Saknar at Prior egg vert nemnt som grunnfjell, er eit viktig flaggskip.</li> <li>• Inntransport: Fekk beskjed om å framsnakke dei valgte løysingar, men fekk ingen info. Bad om å få info i kretsmøtet, men fekk ingen info. Vi som tillitsvalde må få ærleg og oppriktig info for å kunne framsnakke. Eit transportfirma får lov å investere, har kontrakt på 3 bilar men er snart oppe i 6 bilar, høyrest rart ut. Lokal tilhøyrighet til Nortura betyr mykje for oss for å levere til Nortura. Har vore tåkelegging, då vert alt rart. Andelsinnskot: Mange med små gardar og leveransar vel å levere andre i ein oppstartsfase pga av at kr 12 000 er ein stor sum.</li> <li>• Skitne slaktedy: Kva er utfordringa, er det husa? Er det brukaren? Liggeplassar? Har jo trekk. Slaktedy og teljedato: Vart mykje innmelding før teljedato, men eg vart skyva til etter teljedato, sidan det vart innmeldt på avtale.</li> <li>• Inntransport: Er det felles opplæring av dyrebilsjåførane, så alle veit korleis dei skal opptre og handtere dyra?</li> <li>• Dyrevelferd: Negative oppslag, uheldige for næringa. Gjev signal om at vi ikkje produserer mat på etisk forsvarleg måte. Er maten vi produserer i Norge betre enn utlandet? Forbrukar er opptatt av dyrevelferd, og vi må ikkje misste tillit hos forbrukar. Slaktekylling skulle vore over på meir sakteveksande kylling. Ein annan type hybrid hadde vore betre for dyrevelferden. Tilsvarande på gris og utfordring med halebiting. Ynskjer open diskusjon om dette i Nortura framover.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordbruksforhandlingane: Kvalitetstilskot og grense på 50 500 tonn i gul boks, vert det slutt på utbetalinga når boksen er full til hausten?</li> <li>• Marknadssituasjon og lager sau/lam: Vert for lite lam, no når det er slakta mykje vaksen sau. Må gjere noko med sauene. Har vi kontroll på dato på lager av sau? Korleis handtere sauene på lageret?</li> </ul> <p>Bente, Roy, Silje og Lisbeth kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>6</b></p>	<p><b>Val</b></p> <p>Det var 60/61 stemmeberettiga tilstades. Halvor Braa la fram valkomitéen si innstilling. Det vart lagt fram ei tilleggsinnstilling, der det vart tatt omsyn til at Olav Håkon Ulfsnes kan verte valt inn i konsernstyret på årsmøtet.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Anders Røflo, Kolbjørn Frøseth, Jan E Hoem og Tore Rennan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ynskjer ikkje at vi reiser heim utan å vite kven som vert øvste leiinga i regionutvalet. Ynskjer ikkje at vi gjer eit val under føresetnad av at Olav Håkon vart valgt til styret, men satsar på at han vart valgt inn.</li> <li>• Skulle ynskje at kvinneandelen var høgare i innstillinga.</li> <li>• Vi respekterer valomiteen si innstilling, som er i samsvar med tidlegare praksis i andre regionar</li> <li>• Ynskjer å støtte alternativ forslag frå Anders Røflo, med Ragnar Valstad som nestleiar kandidat.</li> </ul> <p><b>Leiar i arbeidsutvalet:</b> Lars Morten Rosmo, Skaun, attval for 1 år. Valet var skriftleg og Lars Morten Rosmo vart valt for 1 år med 57 stemmer. Ragnar Valstad fekk 1 stemme, Olav Håkon Ulfsnes 1 stemme, og 1 stemme var blank.</p> <p><b>Nestleiar i arbeidsutvalet:</b> Valkomitéen si innstilling var: Olav Håkon Ulfsnes, Aure, attval for 1 år. Nestleiar i arbeidsutvalet, dersom Olav Håkon Ulfsnes på årsmøtet vart valt inn i konsernstyret: Ragnar Valstad, Levanger</p> <p>Det vart gjennomført skriftleg var, med to alternativ:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Valkomitéen si innstilling, med talet 1 framfor Olav Håkon Ulfsnes sitt namn, og talet 2 framfor Ragnar Valstad sitt namn.</li> <li>2. Benkeforslaget, med berre Ragnar Valstad sitt namn.</li> </ol> <p>Valkomitéen si innstilling fekk 32 stemmer, medan benkeforslaget for Ragnar Valstad fekk 29 stemmer.</p> <p>Olav Håkon Ulfsnes vart valt for 1 år. Nestleiar i arbeidsutvalet, dersom Olav Håkon Ulfsnes på årsmøtet vart valt inn i konsernstyret: Ragnar Valstad.</p> <p><b>Medlemar i arbeidsutvalet:</b> <b>Arbeidsutvalsmedlem gris:</b> Sverre Tyldum, Høylandet attval for 2 år <b>Arbeidsutvalsmedlem egg:</b> Kolbjørn Frøseth, Trondheim, attval for 2 år <b>Arbeidsutvalsmedlem småfe:</b> Ragnar Valstad, Levanger, attval for 2 år</p> <p><b>Arbeidsutvalsmedlem småfe, dersom Olav Håkon Ulfsnes på årsmøtet vart valt inn i konsernstyret:</b> Bård Tore Berntsen, Rennebu</p>

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:

Arbeidsutvalsmedlem storfe: Trude Sandstad Eldnes

Arbeidsutvalsmedlem fjørfe: Johan Kristian Daling

**Varamedlemar til arbeidsutvalet:**

**Vara arbeidsutvalsmedlem storfe:** Sigmund Johansen, Nærøy, ny for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem gris:** Jan Edvin Hoem, Gjemnes, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem fjørfe:** Per Magnus Borten Moe, Trondheim, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem egg:** Ivar Wang, Inderøy, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem småfe:** Bård Tore Berntsen, Rennebu, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem småfe, dersom Olav Håkon Ulfsnes på årsmøtet vert valt inn i konsernstyret:** Jorunn Karin Kvernen, Kristiansund

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

**Utsendingar til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet:**

Signe Lillian Nordmeland, Osen, ny for 2 år

Ivar Wang, Inderøy, attval for 2 år

Sigmund Johansen, Nærøy, ny for 2 år

Jørgen Baumfelder, Verdal, attval for 2 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige årsmøteutsendingar var ikkje på val:

Astrid Helen Gunnesmo, Rennebu

Bård Tore Berntsen, Rennebu

Jan Edvin Hoem, Gjemnes

Per Magnus Borten Moe, Trondheim

**Varautsendingar til årsmøtet:**

1. Halvor Braa, Trondheim, for 1 år

2. Stein Heggset, Rindal, for 1 år

3. Ann Steen Dolmseth, Åfjord, for 1 år

4. Per Hindseth, Oppdal, for 1 år

5. Tore Rennan, Steinkjer, for 1 år

6. Egil Berdal, Snillfjord, for 1 år

7. Line Torill Fjellheim, Steinkjer, for 1 år

8. Marit Hoff, Fosnes, for 1 år

9. Jorunn Karin Kvernen, Kristiansund, for 1 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

**Valkomit  i regionutvalet:**

Jorunn Gunner d, Molde, attval for 2  r

Steinar Lium,  rland, ny for 3  r

Reidun St len, Oppdal, ny for 3  r

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige valkomit medlemar var ikkje p  val:

Halvor Braa, Trondheim

	<p>Kåre Aakre, Nærøy</p> <p><b>Leiar i valkomitéen:</b> Halvor Braa, Trondheim, samrøystes valt for 1 år</p> <p><b>Nestleiar i valkomitéen:</b> Jorunn Gunnerød, Molde, samrøystes valt for 1 år</p> <p><b>Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bjørn Svorkdal, Orkdal, for 1 år</li> <li>2. Veronika Rødal Naas, Eide, for 1 år</li> <li>3. Åge Guddingsmo, Grong, for 1 år</li> </ol> <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p>
<b>7</b>	<p><b>Orientering frå årsmøtet sin valkomité</b></p> <p>Saka gjekk ut.</p>
<b>8</b>	<p><b>Arbeidet i kretsane og regionutvalet</b></p> <p>Lars Morten orienterte om arbeidet i Arbeidsutvalet. Vidare om prosjektet med auka verdiskaping på regionalt kjøt, status for pilotprosjektet Ny Giv i kretsarbeidet. For dei øvrige kretsane vil Brit Kari ha handlingsplan innan 15. mai.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Sigmund Johansen og Lars Oddvar Størset</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå kretsmøta under skøyteløp i OL.</li> <li>• Må unngå kretsmøta i vinterferien, vinterferien vert avvikla på ulike tider i ulike delar av landet, og bør difor kunne unngåast.</li> </ul> <p>Lars Morten kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>

Lars Morten Rosmo  
(sign.)

Håkon Fiskvik  
(sign.)

Ann Steen Dolmseth  
(sign.)